



Espira Marthahaugen Barnehage  
Postboks 353  
4291 KOPERVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/756 - 17/6223

Saksbehandlar:  
Mette Marei Træland  
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:  
29.03.2017

## Vedtak om kommunalt tilskot for 2017

Tilskot til ikkje-kommunale barnehagar er regulert i Barnehageloven §14 og forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar §1, og det er dette som ligg til grunn for utrekninga av tilskotet for 2017.

Det blir framleis nytta eit teljetidspunkt, den 15. desember, med rapportering om tal barn, barna sin alder og opphaldstid i barnehagane.

«Meland kommune har gjort vedtak om tilskot til drift og kapital på kr 11 295 942 til Espira Marthahaugen barnehage for 2017.

Av denne summen utgjer kr 802 284 kapitaltilskot.

Berekning av drifts- og kapitaltilskot er gjort slik:

- 1) Tilskot pr omrekna heildagsplass.

Små barn (0-2 år)	Kr. 180 108
Store barn (3-5 år)	Kr. 85 702
Kapitaltilskot	Kr. 8 600

- 2) Omrekna heildagsplassar i barnehagen som ligg til grunn for utrekning av tilskotet:

	Frå årsmeldinga 15.des 2016
Små barn (0-2 år)	26,5
Store barn (3-5 år)	66,8
Sum	93,3

c. Tilskot for 2017 vert basert på nøkkeltala over.

Barnehageeigar kan klage til Fylkesmannen over Meland kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jfr forvaltningslova §§28 og 29. Klagen skal sendast via Meland kommune, jfr forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jfr forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Barnehagar som i løpet av året mottok høgare tilskot enn dei har krav på etter feil frå barnehagen si side, kan etter vedtak frå kommunen måtte tilbakebetale tilskot, jfr forskrift om tilskudd til private barnehager §13 Vi gjer og merksam på at Meland kommune kan gjere om vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jfr forvaltningslova § 35,femte ledd.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit  
rådmann

Mette Marei Træland  
barnehagefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Espira Marthahaugen Barnehage

Postboks 353

4291

KOPERVIK